



Aurland, 13.01.2020

Klima og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
2019001156-2

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Gudny Øyre Flatabø, 99442089

Arkiv
K2 - M60, K3 - &13

Administrativ høyringsfråsegn "Sluttrapport - Ekspertutvalet for reduksjon og handsaming av farleg avfall"

I rapporten frå ekspertutvalet om farleg avfall vart selskapet Gudvangen Stein sine etterlatne bergrom, som geografisk ligg i Nærøydalen i Aurland kommune, vurdert som eit potensielt eigna område for deponiformål. I rapporten skriv ekspertutvalet om Gudvangen:

«Utvalget vurderer lokaliteten som potensielt egnet for deponiformål, men har ikke gjort grundige og helhetlige vurderinger av lokaliteten.»

Gudvangen Stein informerte i møte med ordførar og rådmann den 4. juli 2019 om moglege planar for deponidrift i ledige fjellhallar, dette var då unnateken offentlegheit. Etter at rapporten frå ekspertutvalet vart lagt fram har selskapet saman med partnaren Norsk gjenvinning m³ heldt fleire informasjonsmøte, skrive pressemeldingar og hatt innleiande kontakt med kommunen som planmynde. Det er per i dag ikkje starta nokon planprosess, men Gudvangen Stein har informert om at dei snarleg vil sende inn eit planinitiativ og be om eit oppstartsmøte med planavdelinga.

Området Gudvangen Stein driftar er regulert til råstoffutvinning (gruvedrift) i gjeldande reguleringsplan, vedteken 14.02.08. Dersom området skal brukast til deponi, må endra arealbruk avklarast gjennom reguleringsplanprosess. Det er kommunestyret i Aurland som tek stilling til om dei vil opne for handsaming av ein plan frå ein privat forslagsstillar der formålet er ein endra bruk av området.

I ein reguleringsplanprosess vil det vere krav om konsekvensutgreiing av endra bruk. Tema som då må utgreiast er til dømes forholdet til UNESCO-området Vestnorsk Fjordlandskap, Nærøyfjorden landskapsvernområde og Nærøydalselvi som er ei nasjonal lakseelv og eit verna vassdrag. Andre viktige tema er naturfare, infrastruktur og trafikktilhøve i samband med transport av avfall.

Verdsarvområde

Aurland kommune vil i tillegg understreke kor viktig verdsarvstatusen er for kommunen. I «Tekst del og føresegnar» av Aurland sin kommuneplan 2008-2020 står det fylgjande:

«I juni 2005 vart Vestnorsk fjordlandskap skrive inn på UNESCO si verdsarvliste. [...] Verdsarvområdet omfattar Aurlandsfjorden og dei busette områda i Gudvangen - Nærøydalen, Bakka – Tufto, Dyrdal, Breisnes og Undredal samt naturreservata og

landskapsvernområda innanfor kommunen. Det er utarbeidd ein forvaltningsplan for verdsarvområdet som legg føringar for kommunen si planlegging på kommuneplan- og reguleringsplannivå.»

I vedtaket i UNESCO, Verdsarvkomitéen, om Verdsarvstatus for Vestnorsk fjordlandskap, 14. juli 2005, lyder det mellom anna slik:

«Verdsarvkomitéen i UNESCO legg til at dei:

Bed om å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknadene av eksisterande gruvedrift. Nøye overvaking vil bli kravt, då slike aktivitetar, dersom dei ikkje blir omhyggeleg følgt, vil kunne ha betydeleg påverknad på dei synlege kvalitetane på området (kriterie III).»

Kriterie (III) er formulert som følgjer:

«Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit ual fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.»

Med helsing

Gudny Øyre Flatabø
prosjektleder klima og energi

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Gudvangen Stein AS	Gnr 61 Bnr 12 Holmen	5747	GUDVANGEN
v/Arnstein Bjørke			
Plansjef Ingunn Bårtvedt	Vangen 1	5745	AURLAND
Skjerdal			
Stiftinga Nærøyfjorden	Helabrotet 2A	5745	AURLAND
Verdsarvpark			